

**Notat**

Dykkar dato: Vår dato: 14.11.2023
Dykkar ref: Vår ref: 2023/562 - 10385/2023
Dykkar ref: Arkiv: 150
Sakshandsamar: Sakshandsamar: Trond Salmo

Til: Avd.:
Kommunestyret

Tiltaksliste

Kommunedirektøren har også i år utarbeida ei prioritert tiltaksliste. Dette er å sjå på som ei ønskjeliste dersom politisk leiing finn rom for eit eller fleire av tiltaka. Lista er sett opp etatsvis. Det er ikkje gjort prioriteringar mellom etatane.

Helse og omsorg

1. Styrke med 30 % ergoterapeut kr 186 992,-
Fitjar kommune har eit mål om at eldre skal bu lengst mogleg heime, og at ein skal ta i bruk brukarane sine ressursar, jf. kommuneplanen sin samfunnsdel og helse- og omsorgsplan. Etterspurnaden etter hjelpemiddel og tilrettelegging har auka monaleg og skal ein klare å stette målsetting og etterspurnad ser ein at det er behov for å auke ergoterapeutstillinga med 30 % stilling, slik at ein har ei 100 % stilling. Tenesta har og mange saker med hjelpemiddel og tilrettelegging for barn og unge.
2. Generelle eittårige nedtrekk i helse, sosial og omsorg: kr 200 000
3. Reversering av innsparinga: forventa betring i sjukefråvær i pleie og omsorg: kr 149 562,-

Oppvekst og kultur:

1. Tilbakeføring av bokbudsjettet til 2021-nivå (kr 170 000,-)
Auka med ca. 95.000,-
Bokbudsjettet post 12004 skal dekkje innkjøp av bøker, e-bøker, fysisk og digital film, lydbøker, digitale spel og kulturfonnbøker (norske utgivelsar) for småbarn, barnehagebarn, skulebarn, ungdom, vaksne.
Dei siste to åra har bokbudsjettet vore nedtrekt frå kr 170 000 til kr 75 000,-. Med eit redusert bokbudsjett har utvalet til barn, unge og vaksne vorte svært minka. Dette ser me igjen i statistikk på lånetalt for dei to siste åra, som er på veg ned.
Skular og barnehagar brukarar biblioteket aktivt som er i tråd med Fitjar kommune lesestrategien sin. Skal barn og unge bli glad i å lesa (som har direkte innverknad på leseguleik) må dei få tilbod om aktuell og freistande litteratur.
Slitne bøker og utdatert litteratur har motset effekt på lesegleda.
2. Reversering av tiltaket: 3-deling av Øvrebygda skula frå 01.08.2024
Politisk vedtak frå budsjetthandsaminga 2022
2024: -334 870
2025: -803 564

3. Jakker til ungdomsrådet

Ungdomsrådet har ønske om ekstra midlar til å kunna kjøpa inn jakker til alle i ungdomsrådet. Dette er eit eingangsbeløp.

Samfunnsutvikling og drift

1. Ei 100% stilling på reinhald – kr 600 000,-
2. Auke budsjetttramme på drift
3. Auke budsjetttramme brann

Administrasjon / felles

Styrking rådhuset

I 2018 vart det iverksett eit innsparingstiltak på rådhuset. 3 stillingar fekk krav om at deler av stillingane skulle vera arbeid på eksternt finansierte prosjekt. Dette er stillingane helserådgjevar, rådgjevar på skulekontoret og kultursjef. I tillegg vart kundetorget redusert med 0,5 stilling. Arbeidsmengda som ligg til desse stillingane / tenestene er aukande, og me ser det som svært krevjande å vidareføra desse kutta. Me har likevel ikkje lagt inn desse som aktivt tiltak. Dei bør likevel vurderast om dei skal reverserast.

Beløpa me snakkar om er:

Helserådgjevar	178 500,-
Skulefagleg rådgjevar	174 500,-
Kultursjef	100 000,-
<u>Kundetorg</u>	<u>345 000,-</u>
Sum	708 000,-

Med helsing

John Karsten Raunholm
konstituert kommunedirektør

Trond Salmo
Økonomisjef